

NotatDato: 17.09.2019
Arkivsak: 2014/12154-28
Saksbehandlar: fromann

Til:	Administrasjonsutvalet Hovudarbeidsmiljøutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Sjukefråvær i HFK 2. kvartal 2019**Samandrag**

Sjukefråværet gjekk markant opp i andre kvartal 2019 samanlikna med året før, frå 5,11 prosent i andre kvartal 2018 til 5,88 prosent i andre kvartal 2019, ein auke på 15,04 prosent. For kvinner var auken på 13,61% og for menn på 17,34%. Kvinnene i HFK har om lag dobbelt så høgt fråvær som menn.


Både eigenmeldt og legemeldte fråvær auka i andre kvartal. Fråværet har gått opp i Eigedomsavdelinga, Øk. og org.avdelinga, Regionalavdelinga, Opplæringsavdelinga og Bybanen utbygging. I Samferdselsavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga og Tannhelseavdelinga har det vore ein reduksjon.

I første halvår 2019 gjekk sjukefråværet opp frå 5,97 prosent i 2018 til 6,41 prosent i 2019, ein auke på 7,38 prosent.

Statistikkgrunnlaget

Til grunn for dette statistikknotatet ligg data frå rapportmodulen «**Rapporter Innsikt**» i HR-Portalen. Denne modulen erstattar «HR Analyse» som vi har nytta tidlegare. Vi har dermed eit **brot i statistikken** frå 1. januar 2019. Den nye statistikken gir noko høgare sjukefråværsprosentar enn tidlegare. Leverandøren av statistikkmodulen hevdar at dei nye tala er meir korrekte, fordi ein har brukt betre metodar i datafangsten.

Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med, både eigenmeldt og legemeldt. Fråvær ved sjukdom hos barn/barnepassar er ikkje med i denne statistikken.

Sjukefråværsutviklinga over tid**Figur 1** Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 1. kv. 2017 – 2. kv. 2019


Fråværet i andre kvartal 2019 var på 5,88 prosent, mot 5,11 prosent i andre kvartal 2018. Det utgjør ein auke på 15,04 prosent.

Sjukefråværet første halvår 2019 var på 6,41%, mens det for første halvår 2018 var på 5,97%. Dette er ein auke på 7,38 prosent.

Kjønnsfordeling


Sjukefråværet for kvinner i andre kvartal gjekk opp frå 6,58 til 7,47 prosent, ein auke på 13,61%. For menn gjekk fråværet opp frå 3,15 prosent til 3,69 prosent, ein auke på 17,34%. Kjønnskilnaden i sjukefråværet er dermed fortsatt markant i HFK, med om lag dobbelt så høgt fråværet for kvinner som for menn dei to første kvartalene i 2019, om lag det same som i heile 2018.

Figur 2: Sjukefråværet i heile HFK, fordelt på kjønn, 1. og 2. kv. 2019 samanlikna med 1. og 2. kv. 2018



Eigenmeldt vs. legemeldt sjukefråværet

Figur 3: Sjukefråværet i heile HFK, eigenmeldt og legemeldt, 2. kv. 2019 samanlikna med 2. kv. 2018.



Ein ser av figur 3 at eigenmeldt fråværet har auke noko, men at det er det legemeldte fråværet som står for det meste av auken frå 2. kvartal 2018 til 2. kvartal 2019.

Sjukefråvær pr. avdeling

Sjukefråværet er ulikt fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av avdelingane er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.

Figur 4: Sjukefråvær pr. avdeling i HFK, 2. kvartal 2019 samanlikna med 2.kvartal 2018.


Enhet	2.kv. 2018			2.kv. 2019			Endring
	Moglege dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Moglege dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Fravær%
Fylkesrådmannen	218 500	11 174	5,11 %	211 648	12 454	5,88 %	15,06 %
EIGEDOMSAVDELINGA	13 280	991	7,46 %	12 799	1 396	10,91 %	46,20 %
ØK.- OG ORG.AVDELINGA	9 903	298	3,01 %	8 870	414	4,66 %	54,86 %
REGIONALAVDELINGA	3 836	122	3,18 %	4 060	346	8,52 %	168,27 %
SAMFERDSELSAVDELINGA	5 376	281	5,23 %	5 131	230	4,48 %	-14,40 %
BYBANEN UTBYGGING	2 290	42	1,84 %	2 409	123	5,10 %	176,70 %
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA	4 020	257	6,40 %	3 675	111	3,02 %	-52,91 %
TANNHELSEAVDELINGA	18 428	1 827	9,91 %	18 073	1 597	8,84 %	-10,85 %
OPPLÆRINGSAVDELINGA	160 934	7 342	4,56 %	156 111	8 232	5,27 %	15,59 %

Figur 4 viser at fråværet vart redusert i Samferdselsavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga og Tannhelseavdelinga. Dei andre avdelinga auka fråværet frå 2 kvartal 2018 til 2 kvartal 2019. Tannhelseavdelinga har fått redusert fråvær og er nesten nede på nivået frå 2017.

Stillingsgrupper

Sjukefråværet varierer i dei ulike stillingsgruppene i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av gruppene er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent. Pedagogar er den største stillingsgruppa. Dei står for 53,7% av moglege dagsverk, mens tannpleiarar står for 1,2% av moglege dagsverk.

Figur 5: Sjukefråvær i heile HFK, pr. stillingsgruppe, 2. kv. 2019 samanlikna med 2. kv. 2018.



Av figur 5 går det fram at alle stillingsgruppene har økt fråvær i 2. kvartal 2019 samanlikna med 2. kvartal 2018, med unntak av tannhelepersonell og stillingsgruppa «andre». Pedagogar har auka fråværet med 24,45%. Driftspersonell, leiarar i fylkesadministrasjonen og reinholdarar har hatt størst prosentvis auke.